

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, fylkeshuset, Bergen
Dato: 20.05.2014
Tidspunkt: 11:00-15.50

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Sveinung Valle	Representant	A	
Astrid F. Selsvold	Representant	A	
Marte Malones	Representant	A	
Terje Søviknes	Representant	Frp	
Silje Hjemdal	Representant	Frp	Til kl. 15.20
Sigbjørn Framnes	Representant	Frp	
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordfører	H	
Mona Røsvik Strømme	Representant	H	
Inge Reidar Kallevåg	Representant	H	Til kl. 15.40
Birthe Eriksen	Representant	H	
Torill Selsvold Nyborg	Representant	KrF	Til kl. 15.20
Benthe Bondhus	Representant	Sp	
Aud Karin Oen	Representant	SV	
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordfører	V	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Nils-Olav Nøss	Representant	A	

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Parti	Merknad
Toralv Mikkelsen	Nils-Olav Nøss	A	
Dan Femoen	Inge Reidar Kallevåg	H	Frå kl. 15.40

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling	Merknad
Johnny Stiansen	Kst. fylkesrådmann	
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett	
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel	
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring	
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon	
Nils Egil Vetlesand	Økonomisjef	
Gudrun Mathisen	Klima- og naturressurssjef	
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør	
Bjarte Brask Eriksen	Kommunikasjonsrådgjevar	
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar	

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 95/14	Godkjenning møteinnkalling		
PS 96/14	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 97/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 56/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr april	2014/1527	
PS 98/14	Delegerte saker		
RS 57/14	Rapport - kvalitetssikring av investeringskostnader for bybane til Åsane	2014/10099	
RS 58/14	Informasjonskampanje om hjerneslag	2014/341	
RS 59/14	Planlagt stad for møte i fylkesutvalet og fylkestinget 2014	2014/14637	
RS 60/14	Nettilgang i fylkeshuset og Wigandgården	2014/14636	
RS 61/14	Oppstart av regional forskingsstrategi for Hordaland	2014/11235	
RS 62/14	Kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgivaravgift, - vidareføring av noverande forvaltingsregime for 2015	2014/13790	
RS 63/14	Orientering om evalueringa av ordninga med utlån av fylkeskommunale gymsalar.	2014/15615	
RS 64/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mai	2014/1527	
RS 65/14	Kollektivtransport i distriktene - tildeling for 2014	2014/43	
RS 66/14	Bompengerekneskap for E134 Åkrafjordvegen	2014/677	
RS 67/14	Bompengerekneskap 2013 for Halhjem - Sandvikvåg	2014/677	
RS 68/14	Henvendelse vedrørende ekstrem premature barn - Hordaland fylkeskommune	2014/11390	
RS 69/14	Høyring av utkast - Klimaplan for Hordaland - Fylkesdelplan	2014/13622	
RS 70/14	Bompengerekneskap 2013 for Årsnes ferjekai	2014/677	
RS 71/14	Meldingssak om medarbeidarundersøkinga	2014/1355	
RS 72/14	Nytt Styrevervregister	2014/15942	
RS 73/14	Læreplass i Hordaland – spørsmål i fylkesutvalet 24.04.14	2014/13738	
RS 74/14	Reglement - retningslinjer for utlån av fylkeskommunale bygg	2014/14634	
RS 75/14	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr mai 2014	2014/356	
RS 76/14	Belønningsordninga - Bergen - Svar på rapportering av resultat frå 2013	2014/10571	
RS 77/14	Kontaktutval E39 - Tilleggsvurdering knytt til deltaking frå Rogaland	2014/15115	
PS 99/14	Bergen Bompengeselskap AS - utvida garantiramme	2014/16381	
PS 100/14	Nye Voss vidaregåande skule - godkjenning av forprosjekt	2014/12108	
PS 101/14	Stend - fornying av avtale om leige av grunn	2014/11856	
PS 102/14	Evaluering av konkurranseutsetjing av reinhald på 3 vidaregåande skular - korrigert versjon	2014/13280	

PS 103/14	Landbruksmelding for Hordaland 2014 - 2017.	2014/14434
PS 104/14	Søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for flybuss på strekningane Åsane terminal - Bergen sentrum - Bergen lufthamn og tilbringarrute	2014/11298
PS 105/14	Godkjenning av 6 prosjektrekneskavar innan universell utforming og innan skulesektoren	2014/10499
PS 106/14	Framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet - framlegg til endring av vidare planprosess	2014/230
PS 107/14	Regional plan for Nordfjella - vedtak av plan	2014/13171
PS 108/14	Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel - vedtak av høyringsforslag	2014/14561
PS 109/14	Bompengepakken Stord vestside - søknad om forlenga imkrevingsperiode	2014/11966
PS 110/14	Fråsegn til konsekvensutgreiingsprogram for Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommunar	2014/14976
PS 111/14	Kollektivstrategi for Hordaland	2014/278
PS 112/14	Møteplan 2015 for fylkeskommunale organ	2014/15640
PS 113/14	Namn på tunellar på Fv 7 i Granvin herad	2014/11616
PS 114/14	Finansrapport 1. tertial 2014	2014/927
PS 115/14	Fordeling av fylkeskommunalt investeringstilskot 2014	2014/1441
PS 116/14	Søknad frå Taxi 1 AS om ruteløyve for flybussruter i Bergen	2014/11903
PS 117/14	Justering av tilbudsstrukturen 2014/15 etter prognoseinntaket	2014/15568
PS 118/14	Oppstart av Fv 7 Lussandberget - rassikringsprosjekt	2014/13969
PS 119/14	Areal til bussanlegg i Sunnhordland - kjøp av eigedomar	2014/15801
PS 120/14	Endring i sonestruktur	2014/15892
PS 121/14	Klimaplan for Hordaland 2014-2030. Forslag	2014/13622
PS 122/14	Tour des Fjords - søknad om tilskot til planlegging og gjennomføring	2014/15822
PS 123/14	Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport 2013	2014/14696
PS 124/14	Endringar i delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune	2014/15940
PS 125/14	Konstituering i stillinga som fylkesrådmann - Johnny Stiansen	2014/15677
PS 126/14	Skuletilbod for ungdom i Etne og Vindafjord	2014/12505
PS	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren -	2014/598

127/14	budsjettendring nr. 3 - 2014	
PS 128/14	Tertialrapport pr. 30. april 2014 - rekneskapsprognose	2014/13022
PS 129/14	Godkjenning av årsrekneskapen 2013	2014/10498
PS 130/14	Hardanger og Voss museum – endring av vedtektene – fråsegn frå fylkeskommunen som eigar av Kabuso	2014/11256
PS 131/14	Griegghallen IKS - Finansiering av Peer Gynt delen av Griegghallen - endra selskapsavtale	2014/11674
PS 132/14	Samarbeid med CONNECT Vest-Norge, 2014 - 2017. Ny versjon.	2014/12700
PS 133/14	Fordeling av regionale næringsfond 2014	2014/11265
PS 134/14	Om mandat for utgreiing av 8-13 skule	2014/10030
PS 135/14	Kommunekraft AS - kandidat til styret	2014/16445
PS 136/14	Ymse	

PS 95/14 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Vedtak

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknader.

PS 96/14 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Vedtak

Møteboka frå fylkesutvalet 24.04.2014 vart godkjend utan merknader.

PS 97/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

I samband med referatsak 68/14 "Henvendelse vedrørende ekstrempremature barn - Hordaland fylkeskommune" påpeikte **Mona Røsvik Strømme** at Helse Vest RHF ikkje har svart på førespurnaden frå fylkeskommunen, mellom anna m.o.t talet på premature barn utanfor Helse Vest sin region.

I samband med referatsak 71/14 "Meldingssak om medarbeidarundersøkinga" presenterte fylkesdirektør organisasjon **Ingrid Kristine Holm Svendsen** hovudresultata frå medarbeidarundersøkinga som er gjennomført i Hordaland fylkeskommune.

I samband med referatsak 77/14 "Kontaktutval E39 - Tilleggsvurdering knytt til deltaking frå Rogaland" opplyste **fylkesordføraren** at Hordaland fylkeskommune vil ta initiativ til å få oppretta eit kontaktutval.

Vedtak

Referatsaker 56-77/14 vart tekne til orientering.

- RS 56/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr april**
- RS 57/14 Rapport - kvalitetssikring av investeringskostnader for bybane til Åsane**
- RS 58/14 Informasjonskampanje om hjerneslag**
- RS 59/14 Planlagt stad for møte i fylkesutvalet og fylkestinget 2014**
- RS 60/14 Nettilgang i fylkeshuset og Wigandgården**
- RS 61/14 Oppstart av regional forskingsstrategi for Hordaland**
- RS 62/14 Kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgivaravgift, - vidareføring av noverande forvaltingsregime for 2015**
- RS 63/14 Orientering om evalueringa av ordninga med utlån av fylkeskommunale gymsalar.**
- RS 64/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mai**
- RS 65/14 Kollektivtransport i distriktene - tildeling for 2014**
- RS 66/14 Bompengerekneskap for E134 Åkrafjordvegen**
- RS 67/14 Bompengerekneskap 2013 for Halhjem - Sandvikvåg**
- RS 68/14 Henvendelse vedrørende ekstrempremature barn - Hordaland fylkeskommune**
- RS 69/14 Høyring av utkast - Klimaplan for Hordaland - Fylkesdelplan**
- RS 70/14 Bompengerekneskap 2013 for Årsnes ferjekai**
- RS 71/14 Meldingssak om medarbeidarundersøkinga**
- RS 72/14 Nytt Styrevervregister**
- RS 73/14 Læreplass i Hordaland – spørsmål i fylkesutvalet 24.04.14**
- RS 74/14 Reglement - retningslinjer for utlån av fylkeskommunale bygg**
- RS 75/14 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr mai 2014**
- RS 76/14 Belønningsordninga - Bergen - Svar på rapportering av resultat frå 2013**
- RS 77/14 Kontaktutval E39 - Tilleggsvurdering knytt til deltaking frå Rogaland**
- PS 99/14 Bergen Bompengeselskap AS - utvida garantiramme**

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 5 800 mill. kr som Bergen Bompengeselskap AS tar opp i samband med gjennomføring av prosjekt i Bergensprogrammet.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2027.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Inge Reidar Kallevåg og **Torill Selsvold Nyborg** gjekk frå som ugilde fordi dei er styremedlemer i Bergen Bompengeselskap AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 5 800 mill. kr som Bergen Bompengeselskap AS tar opp i samband med gjennomføring av prosjekt i Bergensprogrammet.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2027.

PS 100/14 Nye Voss vidaregåande skule - godkjenning av forprosjekt

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner forprosjekt for Nye Voss vidaregåande skule med ei kostnadsramme på 530 mill. kr.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 13.05.2014

Innstilling

Fylkestinget godkjenner forprosjekt for Nye Voss vidaregåande skule med ei kostnadsramme på 530 mill. kr.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner forprosjekt for Nye Voss vidaregåande skule med ei kostnadsramme på 530 mill. kr.

PS 101/14 Stend - fornying av avtale om leige av grunn

Forslag til vedtak

Leigeavtale med Fana Stein AS om «Bakvollen» vert godkjent.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Leigeavtale med Fana Stein AS om «Bakvollen» vert godkjent.

PS 102/14 Evaluering av konkurranseutsetjing av reinhald på 3 vidaregåande skular - korrigert versjon

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Reinhaldet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland skal som hovudregel framleis utførast av eigne tilsette reinhaldarar. Det same gjeld ved andre fylkeskommunale einingar, til dømes fylkesadministrasjonen.
2. Ordninga med eksternt reinhald held fram ved Årstad vidaregåande skule. Når byggearbeida ved skulen er ferdige, vert det vurdert på nytt om skulen skal ha eige reinhald eller eksternt reinhald. Lokala til Bjørgvin vidaregåande skule skal i ein mellomfase nyttast til undervisning, og ordninga med eksternt reinhald vert difor vidareført inntil vidare.
3. Det vert starta eit arbeid med gjennomgang av organiseringa av reinhaldstenestene. Dette arbeidet skal også omfatte ei utgreiing av alternative måtar å organisere reinhaldet på, til dømes om det er mogeleg og tilrådeleg å etablere ein eigen vikarpool for skular og andre einingar. I første omgang vil dette vere aktuelt i sentrum av Bergen, der det er kort avstand mellom dei fylkeskommunale einingane.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 08.04.2014

Ingrid Reitan sette fram følgjande forslag på vegner av H/FRP/V:

«Pkt. 1 i saken strykes.

Nytt pkt. 3: Det startes et arbeid med gjennomgang av organiseringen av renholdstjenestene med sikte på å få etablert renholdstjenestene i en egen fylkeskommunal enhet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.

Reitan sitt alternative forslag til fylkesrådmannen sitt pkt. 1 vart vedteke med 7 røyster (H/FRP/V).

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 3 fekk 5 røyster (AP/SP) og fall.

Reitan sitt alternative forslag til fylkesrådmannen sitt pkt. 3 vart vedteke med 8 røyster (H/FRP/V/KRF).

Innstilling

1. Ordninga med eksternt reinhald held fram ved Årstad vidaregåande skule. Når byggearbeida ved skulen er ferdige, vert det vurdert på nytt om skulen skal ha eige reinhald eller eksternt reinhald. Lokala til Bjørgvin vidaregåande skule skal i ein mellomfase nyttast til undervisning, og ordninga med eksternt reinhald vert difor vidareført inntil vidare.
2. Det startes et arbeid med gjennomgang av organiseringen av renholdstjenestene med sikte på å få etablert renholdstjenestene i en egen fylkeskommunal enhet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014

Saka vart utsett til neste møte, jf. sak 78/14.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Marte Malones sette på vegner av A og KrF fram slikt forslag:

1. "Reinhaldet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland skal som hovudregel framleis utførast av eigne tilsette reinhaldarar. Det same gjeld ved andre fylkeskommunale einingar, til dømes fylkesadministrasjonen.
2. Ordninga med eksternt reinhald held fram ved Årstad vidaregåande skule. Når bygge-

arbeida ved skulen er ferdige, vert det vurdert på nytt om skulen skal ha eige reinhald eller eksternt reinhald. Lokala til Bjørgvin vidaregåande skule skal i ein mellomfase nyttast til undervisning, og ordninga med eksternt reinhald vert difor vidareført inntil vidare.

3. Det vert starta eit arbeid med gjennomgang av organiseringa av reinhaldstenestene. Dette arbeidet skal også omfatte ei utgreiing av alternative måtar å organisere reinhaldet på, til dømes om det er mogeleg og tilrådeleg å etablere ein eigen vikarpool for skular og andre einingar. I første omgang vil dette vere aktuelt i sentrum av Bergen, der det er kort avstand mellom dei fylkeskommunale einingane."

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, V og H fram slikt forslag:

"Som innstillinga, med slikt tillegg i punkt 2:

--- enhet, herunder også vikarpool for renholderne."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå opplærings- og helseutvalet til grunn for røystinga.

Innstillinga vart vedteken med 8 røyster mot 7 røyster for Malones sitt forslag.

Søviknes sitt forslag var samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Ordninga med eksternt reinhald held fram ved Årstad vidaregåande skole. Når byggearbeida ved skulen er ferdige, vert det vurdert på nytt om skulen skal ha eige reinhald eller eksternt reinhald. Lokala til Bjørgvin vidaregåande skole skal i ein mellomfase nyttast til undervisning, og ordninga med eksternt reinhald vert difor vidareført inntil vidare.
2. Det startes et arbeid med gjennomgang av organiseringen av renholdstjenestene med sikte på å få etablert renholdstjenestene i en egen fylkeskommunal enhet, herunder også vikarpool for renholderne.

PS 103/14 Landbruksmelding for Hordaland 2014 - 2017.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek landbruksmeldinga og ber om at det settas i verk to pilotprosjekt med utgangspunkt i strategiane og døme til tiltak i dette meldinga.
2. Fylkestinget ynskjer at landbruk etablerast som et punkt under statistikk i vest.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 3

Fylkestinget understreker behovet for landbruks rettleiingskompetanse og ber om at meldinga gjerast godt kjent til førstelinjetenestene ute i fylket»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag 1 – 2 vart samrøystes vedteke

Golis forslag til nytt pkt. 3 fekk 3 røyster (MDG og KrF) og fall

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek landbruksmeldinga og ber om at det settas i verk to pilotprosjekt med utgangspunkt i strategiane og døme til tiltak i dette meldinga.
2. Fylkestinget ynskjer at landbruk etablerast som et punkt under statistikk i vest.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 13.05.2014

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek landbruksmeldinga og ber om at det settas i verk to pilotprosjekt med utgangspunkt i strategiane og døme til tiltak i dette meldinga.
2. Fylkestinget ynskjer at landbruk etablerast som et punkt under statistikk i vest.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek landbruksmeldinga og ber om at det vert sett i verk to pilotprosjekt med utgangspunkt i strategiane og døme til tiltak i denne meldinga.
2. Fylkestinget ynskjer at landbruk vert etablert som eit punkt under Statistikk i vest.

PS 104/14 Søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for flybuss på strekningane Åsane terminal - Bergen sentrum - Bergen lufthamn og tilbringarrute

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for flybussrute på strekninga Åsane terminal – Stemmemyren – Fløyfjellstunnelen – Puddefjordsbroen – Fyllingsdalen – Ringveg vest – Bergen lufthamn. Vilråa er at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga, og at nye bussar som vert nytta i rutedrifta har Euro 5-motor.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for tilbringarrute på strekninga Haukeland universitetssjukehus – Møllendalsveien - Bergen busstasjon. Vilråa er at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga, og at nye bussar som vert nytta i rutedrifta har Euro 5-motor.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Alf Helge Greaker sette fram forslag om å endra pkt 2 i innstillinga der andre del av siste setning går ut, og at det vert teke inn eit nytt pkt 3.

Vognmateriellet skal tilfredsstilla Euro VI-utsleppskrav.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forslag til endra pkt 2 og nytt pkt 3 vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for flybussrute på strekninga Åsane terminal – Stemmemyren – Fløyfjellstunnelen – Puddefjordsbroen – Fyllingsdalen – Ringveg vest – Bergen lufthamn. Vilråa er at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for tilbringarrute på strekninga Haukeland universitetssjukehus – Møllendalsveien - Bergen busstasjon. Vilråa er at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga.
3. Vognmateriellet skal tilfredsstilla Euro VI-utsleppskrav.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for flybussrute på strekninga Åsane terminal – Stemmemyren – Fløyfjellstunnelen – Puddefjordsbroen – Fyllingsdalen – Ringveg vest – Bergen lufthamn. Vilråa er at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga, og at nye bussar som vert kjøpt inn til rutedrifta har Euro VI-motor.

2. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for tilbringarrute på strekninga Haukeland universitetssjukehus – Møllendalsveien – Bergen busstasjon. Vilkåra er at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga, og at nye bussar som vert kjøpt inn til rutedrifta har Euro VI-motor."

Røysting

Innstillinga fekk 1 røyst (SV) og fall.

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for flybussrute på strekninga Åsane terminal – Stemmemyren – Fløyfjellstunnelen – Puddefjordsbroen – Fyllingsdalen – Ringveg vest – Bergen lufthamn. Vilkåra er at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga, og at nye bussar som vert kjøpt inn til rutedrifta har Euro VI-motor.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for tilbringarrute på strekninga Haukeland universitetssjukehus – Møllendalsveien – Bergen busstasjon. Vilkåra er at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga, og at nye bussar som vert kjøpt inn til rutedrifta har Euro VI-motor.

PS 105/14 Godkjenning av 6 prosjektrekneskapar innan universell utforming og innan skulesektoren

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskapane i denne saka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskapane i denne saka.

PS 106/14 Framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet - framlegg til endring av vidare planprosess

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet viser til Jernbaneverket sitt oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å starta opp eit KVVU-arbeid for logistikknutepunkt i Bergensområdet. Fylkesutvalet ser at det vidare arbeidet kring framtidig lokalisering av godshamn for Bergensområdet vert best ivareteke gjennom denne prosessen. Fylkesutvalet legg til grunn at KVVU-organiseringa sikrar brei deltaking frå fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet slutthandsamar ikkje det reviderte planprogrammet for *Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet* no. Prosessen med regional plan vert dermed ikkje vidareført inntil dei overordna føresetnadane for eit framtidig logistikknutepunkt og behovet for vidare planarbeid er avklårt gjennom Jernbaneverket sin KVVU.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag om at siste setning i pkt 2 i innstillinga vert endra til «... Jernbaneverket sitt KVVU arbeid.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling med Stein Inge Ryssdal sitt forslag til endra tekst i pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet viser til Jernbaneverket sitt oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å starta opp eit KVVU-arbeid for logistikknutepunkt i Bergensområdet. Fylkesutvalet ser at det vidare arbeidet kring framtidig lokalisering av godshamn for Bergensområdet vert best ivareteke gjennom denne prosessen. Fylkesutvalet legg til grunn at KVVU-organiseringa sikrar brei deltaking frå fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet slutthandsamar ikkje det reviderte planprogrammet for *Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet* no. Prosessen med regional plan vert dermed ikkje vidareført inntil dei overordna føresetnadane for eit framtidig logistikknutepunkt og behovet for vidare planarbeid er avklårt gjennom Jernbaneverket sitt KVVU arbeid.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet viser til Jernbaneverket sitt oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å starta opp eit KVVU-arbeid for logistikknutepunkt i Bergensområdet. Fylkesutvalet ser at det vidare arbeidet kring framtidig lokalisering av godshamn for Bergensområdet vert best ivareteke gjennom denne prosessen. Fylkesutvalet legg til grunn at KVVU-organiseringa sikrar brei deltaking frå fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet slutthandsamar ikkje det reviderte planprogrammet for *Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet* no. Prosessen med regional plan vert dermed ikkje vidareført inntil dei overordna føresetnadane for eit framtidig logistikknutepunkt og behovet for vidare planarbeid er avklårt gjennom Jernbaneverket sin KVVU.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Mona Hellesnes sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Innstillinga med slikt endringsforslag i punkt 2, 2. setning:

Prosessen med regional plan vert utsett til dei overordna føresetnadane for eit framtidig logistikknutepunkt og behovet for vidare planarbeid er avklara gjennom Jernbaneverket sin KVVU."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå samferdselsutvalet sitt grunn for røystinga.

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

Vedtak

1. Fylkesutvalet viser til Jernbaneverket sitt oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å starta opp eit KVVU-arbeid for logistikknutepunkt i Bergensområdet. Fylkesutvalet ser at det vidare arbeidet kring framtidig lokalisering av godshamn for Bergensområdet vert best ivareteke gjennom denne prosessen. Fylkesutvalet legg til grunn at KVVU-organiseringa sikrar brei deltaking frå fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet slutthandsamar ikkje det reviderte planprogrammet for "Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet" no. Prosessen med regional plan vert utsett til dei

overordna føresetnadane for eit framtidig logistikknutepunkt og behovet for vidare planarbeid er avklara gjennom Jernbaneverket sin KVVU.

PS 107/14 Regional plan for Nordfjella - vedtak av plan

Forslag til innstilling

1. I medhald av plan- og bygningslovas §8-4 vedtar Fylkestinget i Hordaland Regional plan for Nordfjella, med plankart og planrapport datert 06.01.2014.
2. Fylkestinget ber om at det i samarbeid med Buskerud fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert lagt fram ei eige sak om vidare oppfølging av handlingsplanen.
3. Vedtaket vert gjort med føresetnad av at dei to andre fylka fattar likelydande vedtak.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. I medhald av plan- og bygningslovas §8-4 vedtar Fylkestinget i Hordaland Regional plan for Nordfjella, med plankart og planrapport datert 06.01.2014.
2. Fylkestinget ber om at det i samarbeid med Buskerud fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert lagt fram ei eige sak om vidare oppfølging av handlingsplanen.
3. Vedtaket vert gjort med føresetnad av at dei to andre fylka fattar likelydande vedtak.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget,

Innstilling til fylkestinget

1. I medhald av plan- og bygningslovas § 8-4 vedtar fylkestinget i Hordaland "Regional plan for Nordfjella", med plankart og planrapport datert 06.01.2014.
2. Fylkestinget ber om at det i samarbeid med Buskerud fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert lagt fram ei eige sak om vidare oppfølging av handlingsplanen.
3. Vedtaket vert gjort under føresetnad av at dei to andre fylka gjer likelydande vedtak.

PS 108/14 Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel - vedtak av høyringsforslag

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel*. Høyringsperioden vert 1. juni til 22. august 2014.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel*. Høyringsperioden vert 1. juni til 22. august 2014.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 13.05.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentlig ettersyn forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel*. Høyringsperioden vert 1. juni til 22. august 2014.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentlig ettersyn forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel*. Høyringsperioden vert 1. juni til 22. august 2014.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentlig ettersyn forslag til "Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel".

Høyringsperioden vert 1. juni til 22. august 2014.

PS 109/14 Bompengepakken Stord vestsida - søknad om forlenging imkrevingsperiode

Forslag til innstilling

Fylkestinget sluttar seg til søknaden frå Stord og Fitjar kommune om utviding av innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem - Sandvikvåg med to år til 1.januar 2017. Bompengepåslaget vert redusert frå 5 til 3 takstsoner frå 1. januar 2015.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Tom Skauge sette fram forslag til nye pkt i innstillinga.

2) FV 545 er ein viktig omkøyringsveg for E39 over Stord.

3) Oppslag om Bompengennekrevjinga skal vera godt synleg på kaiplass, på ferjene og på billetten.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (H).

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt 3 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til søknaden frå Stord og Fitjar kommune om utviding av innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem - Sandvikvåg med to år til 1.januar 2017. Bompengepåslaget vert redusert frå 5 til 3 takstsoner frå 1. januar 2015.
2. FV 545 er ein viktig omkøyringsveg for E39 over Stord.
3. Oppslag om Bompengeneinnkrevjinga skal vera godt synleg på kaiplass, på ferjene og på billetten

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (Frp).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget sluttar seg til søknaden frå Stord og Fitjar kommune om utviding av innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem - Sandvikvåg med to år til 1. januar 2017. Bompengepåslaget vert redusert frå 5 til 3 takstsoner frå 1. januar 2015.
2. FV 545 er ein viktig omkøyringsveg for E39 over Stord.
3. Oppslag om bompengeneinnkrevjinga skal vera godt synleg på kaiplass, på ferjene og på billetten.

PS 110/14 Fråsegn til konsekvensutgreiingsprogram for Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommunar

Forslag til innstilling

1. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.
2. Kart med innteikna kraftverk, inntak, vassveg, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftliner, tippar og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
3. Konesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.
4. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Aurebestanden i Vetrhusvatna skal ha særleg høg prioritet.
5. Grundig kartlegging og vurdering av konsekvensar for landskap og friluftsliv må vera del av utgreiinga. Fjellområdet mellom Blådalen og Åkrafjorden skal ha særleg høg prioritet.
6. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast.
7. Konesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring.
8. Bekkeinntak ved Krokavatn må primært trekkjast ut av planen; sekundært må det stillast krav om minstevassføring i bekken. Frå bekkeinntaka frå Verahaugen og Kvanngrødhorga må det stillast krav om minstevassføring.
9. Det skal leggjast kraftkabel frå Fjellhaugen kraftverk gjennom tilkomsttunnell og vidare i grøft til koplingsanlegget ved Blåfalli III slik hovudalternativet skisserer.
10. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfyljing av undersøkingsplikta etter kulturminnelova.
11. Som del av planprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Endring pkt. 8

Ny innleiing: Området rundt og sør for inntaket ved Krokavatnet er klassifisert både som sårbart fjellområde av stor verdi og inngrepsfritt naturområde av stor verd, samt at grensar mot ein del

av Åkrafjordområdet som er karakterisert som fjordlandskap av stor verdi og bør difor ikkje berørast av utbyggingsplanane.
Og legg inn i slutten av siste setning: om det vert gjeven konsesjon for desse bekkeinntaka. »

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 – 7 og pkt. 9 – 11 vart samrøystes vedteke.
Tomren sitt forslag vart vedteke med 10 røyster mot 3 røyster (A).

Innstilling

1. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.
2. Kart med innteikna kraftverk, inntak, vassveg, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftliner, tippar og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
3. Konsesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.
4. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Aurebestanden i Vetrhusvatna skal ha særleg høg prioritet.
5. Grundig kartlegging og vurdering av konsekvensar for landskap og friluftsliv må vera del av utgreiinga. Fjellområdet mellom Blådalen og Åkrafjorden skal ha særleg høg prioritet.
6. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast.
7. Konsesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring.
8. Området rundt og sør for inntaket ved Krokavatnet er klassifisert både som sårbart fjellområde av stor verdi og inngrepsfritt naturområde av stor verd, samt at grensar mot ein del av Åkrafjordområdet som er karakterisert som fjordlandskap av stor verdi og bør difor ikkje berørast av utbyggingsplanane. Bekkeinntak ved Krokavatn må primært trekkjast ut av planen; sekundært må det stillast krav om minstevassføring i bekken. Frå bekkeinntaka frå Verahaugen og Kvanngørhorga må det stillast krav om minstevassføring om det vert gjeven konsesjon for desse bekkeinntaka.
9. Det skal leggjast kraftkabel frå Fjellhaugen kraftverk gjennom tilkomsttunnell og vidare i grøft til koplingsanlegget ved Blåfalli III slik hovudalternativet skisserer.
10. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfyljing av undersøkingsplikta etter kulturminnelova.
11. Som del av planprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Sigbjørn Framnes gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Sunnhordland kraftlag AS. Jf. forvaltnings-lova § 6, 1. ledd e.

Benthe Bondhus stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er varamedlem i styret for Sunnhordland kraftlag AS. Ho har ikkje delteke i behandlinga av saka i selskapet. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Benthe Bondhus ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd. Bondhus gjekk frå under røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.
2. Kart med innteikna kraftverk, inntak, vassveg, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftliner, tippar og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
3. Konsesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.
4. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Aurebestanden i Vetrhusvatna skal ha særleg høg prioritet.
5. Grundig kartlegging og vurdering av konsekvensar for landskap og friluftsliv må vera del av utgreiinga. Fjellområdet mellom Blådalen og Åkrafjorden skal ha særleg høg prioritet.

6. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast.
7. Konesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring.
8. Området rundt og sør for inntaket ved Krokavatnet er klassifisert både som sårbart fjellområde av stor verdi og inngrepsfritt naturområde av stor verd, samt at det grensar mot ein del av Åkrafjordområdet som er karakterisert som fjordlandskap av stor verdi og bør difor ikkje berørast av utbyggingsplanane.

Bekkeinntak ved Krokavatn må primært trekkjast ut av planen; sekundært må det stillast krav om minstevassføring i bekken. Frå bekeinntaka frå Verahaugen og Kvanngørhorga må det stillast krav om minstevassføring om det vert gjeve konsesjon for desse bekeinntaka.
9. Det skal leggjast kraftkabel frå Fjellhaugen kraftverk gjennom tilkomsttunnell og vidare i grøft til koplingsanlegget ved Blåfalli III slik hovudalternativet skisserer.
10. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfylling av undersøkingsplikta etter kulturminnelova.
11. Som del av planprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.

PS 111/14 Kollektivstrategi for Hordaland

Forslag til innstilling

1. Kollektivstrategi for Hordaland er eit godt grunnlag for prioriteringar og utvikling av kollektivtrafikken i fylket, for å nå vedtekne mål for kollektivtransporten.
2. Fylkestinget vedtek Kollektivstrategi for Hordaland, datert mai 2014.
3. Kollektivstrategien skal følgjast opp gjennom eit fireårig handlingsprogram for fylkeskommunen si kollektivsatsing, og skal leggast fram til politisk handsaming.

Handlingsprogrammet vil vise korleis fylkeskommunen vil gjennomføre strategiane, med å peike på hovudinnsatsområder og større oppgåver som vil bli prioriterte i kommande periode.

Handlingsprogrammet skal koordinerast mot fylket sin budsjett og økonomiplan, plan- og byggeprogrammet for Bergensprogrammet og det øvrige fylkesvegnettet samt bruk av statlege finansieringsordningar.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Alf Helge Greaker sette fram oversendingsforslag.

Samferdselsutvalet ber om å få eiga sak om depotstrategi som omhandlar korleis og i kva grad HFK/Skyss skal leige, eige og forvalte desse.

Alf Helge Greaker sette fram tilleggsforslag til pkt 2.

- Det skal føreliggja ruteinformasjon på engelsk.
- «Skuleruter» må gå i ordinær verkedagsdrift også utanom skuledagar.
- For alle stamlinjer i distrikta, må prinsippet med korresponderande «matebussar» gjelda.

Tom Skauge sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til nytt pkt.

Samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen leggja fram sak om kollektivfelt på innfartsvegane til Bergen med fire felt.

Tom Skauge sette fram forslag til nye pkt i innstillinga.

- 1) Fylkestinget sluttar seg til kollektivstrategien si vurdering av at den mest effektive måten å oppnå overgang frå privatbil til kollektivtransport er å kombinere ei byutvikling som reduserer transportbehovet med utbygging av eit godt kollektivtilbod og restriktive tiltak mot bilbruk, mellom anna trafikantbetaling og restriktiv parkeringspolitikk.
- 2) På grunn av forventta befolkningsvekst i Bergensområdet, vil utgifter til drift av kollektivtransporten auke så mykje at det etter Fylkestinget si meining vil vere behov for å bruke inntekter frå trafikantbetaling til dette tiltaket. Eit fornya Bergensprogram – Miljøringen Bergen - må sikre dette.
- 3) Fylkestinget ønskjer køfri kollektivtransport med kollektivfelt på alle innfartsårer til Bergen sentrum, inkludert ny E39 frå Os.
- 4) For å sikre et tenleg tilbod til arbeidsreisande meiner Fylkestinget at det er nødvendig å etablere et godt tilbod av direkteruter og ekspressruter som kan supplere de ordinere rutene både på buss og bybane.
- 5) Fylkestinget har som mål om at kollektivtransporten skal bli utslippsfri innan 2020.HfK må gå fremst i å ta i bruk ny motorteknologi. Vidare bygging av bybane, utviding av trolleybussnettet og anna miljøvenleg motorteknologi må derfor ha høg prioritet.
- 6) Fylkestinget støtter målet om å heve kvaliteten på haldeplassane. Får å få til ei ønska kvalitetsheving må haldeplassane vere reklamefrie, universelt utforma, velhaldne og tilby god informasjon om rutetilbodet. Viktige haldeplassar for overgang bør vere oppvarma.

Tom Skauge sette fram oversendingsforslag.

SV ber fylkesrådmannen i neste rullering av strategien vurdere effekten av overgang til anbodsordning.

Jostein Ljones sette fram forslag om nytt pkt.

"I område med lågt trafikkgrunnlag må Skyss leggje til rette for fleksible transportløyningar med mindre køyretøy og behovsbasert køyring. Særleg er dette viktig på kveldstid for å få idretts- og kulturlivet til å fungera.

Det er eit samfunnsansvar at ein i griskrendte strøk har eit tilbod som tek vare på eit rimeleg nivå av mobilitet for folk – utan bruk av bil. Koordinering av skuletransport og ordinær trafikk er eit godt verkemiddel, saman med t.d. bestillingstransport."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forslag om tillegg til pkt 2 fekk 7 røyster (V, A, SP, SV, H(1)) og fall.

Oversendingsforslaget frå Alf Helge Greaker vart samrøystes vedteke oversendt.

Tom Skauge sitt forslag til nytt punkt vart vedteke med 8 røyster (SV, SP, A, V, KRF).

Tom Skauge sitt forslag til nye punkt i innstillinga fekk 1 røyst og fall.

Oversendingsforslaget frå Tom Skauge fekk 1 røyst og fall.

Jostein Ljones sitt forslag til nytt pkt vart vedteke med 8 røyster (SP, SV, A, KRF, V).

Innstilling

1. Kollektivstrategi for Hordaland er eit godt grunnlag for prioriteringar og utvikling av kollektivtrafikken i fylket, for å nå vedtekne mål for kollektivtransporten.
2. Fylkestinget vedtek Kollektivstrategi for Hordaland, datert mai 2014.
3. Kollektivstrategien skal følgjast opp gjennom eit fireårig handlingsprogram for fylkeskommunen si

kollektivsatsing, og skal leggest fram til politisk handsaming.

Handlingsprogrammet vil vise korleis fylkeskommunen vil gjennomføre strategiane, med å peike på hovudinnsatsområder og større oppgåver som vil bli prioriterte i kommande periode.

Handlingsprogrammet skal koordinerast mot fylket sin budsjett og økonomiplan, plan- og byggeprogrammet for Bergensprogrammet og det øvrige fylkesvegnettet samt bruk av statlege finansieringsordningar.

- 4 Samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen leggja fram sak om kollektivfelt på innfartsvegane til Bergen med fire felt.
5. I område med lågt trafikkgrunnlag må Skyss leggje til rette for fleksible transportløyningar med mindre køyretøy og behovsbasert køyring. Særleg er dette viktig på kveldstid for å få idretts- og kulturlivet til å fungera.
Det er eit samfunnsansvar at ein i griskrendte strøk har eit tilbod som tek vare på eit rimeleg nivå av mobilitet for folk – utan bruk av bil. Koordinering av skuletransport og ordinær trafikk er eit godt verkemiddel, saman med t.d. bestillingstransport.

Oversendingsforslag frå Alf Helge Greaker

Samferdselsutvalet ber om å få eiga sak om depotstrategi som omhandlar korleis og i kva grad HFK/Skyss skal leige, eige og forvalte desse.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Mona Hellesnes sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen.

"Denne representanten ber fylkesrådmannen leggje fram sak til samferdselsutvalet om kollektivfelt på innfartsvegane til Bergen med fire felt."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget sluttar seg til kollektivstrategien si vurdering av at den mest effektive måten å oppnå overgang frå privatbil til kollektivtransport er å kombinere ei byutvikling som reduserer transportbehovet med utbygging av eit godt kollektivtilbod og restriktive tiltak mot bilbruk, mellom anna trafikantbetaling og restriktiv parkeringspolitikk.
2. På grunn av forventa befolkningsvekst i Bergensområdet, vil utgifter til drift av kollektivtransporten auke så mykje at det etter Fylkestinget si meining vil vere behov for å bruke inntekter frå trafikantbetaling til dette tiltaket. Eit fornya Bergensprogram – Miljøringen Bergen - må sikre dette.
3. Fylkestinget ønskjer køfri kollektivtransport med kollektivfelt på alle innfartsårer til Bergen sentrum, inkludert ny E39 frå Os.
4. For å sikre et tenleg tilbod til arbeidsreisande meiner Fylkestinget at det er nødvendig å etablere et godt tilbod av direkteruter og ekspressruter som kan supplere de ordinere rutene både på buss og bybane.
5. Fylkestinget har som mål om at kollektivtransporten skal bli utslippsfri innan 2020.HfK må gå fremst i å ta i bruk ny motorteknologi. Vidare bygging av bybane, utviding av trolleybussnettet og anna miljøvenleg motorteknologi må derfor ha høg prioritet.
6. Fylkestinget støtter målet om å heve kvaliteten på haldeplassane. Får å få til ei ønska kvalitetsheving må haldeplassane vere reklamefrie, universelt utforma, velhaldne og tilby god informasjon om rutetilbodet. Viktige haldeplassar for overgang bør vere oppvarma."

Røysting

Hellesnes sitt forslag vart oversendt til fylkesrådmannen på vegner av forslagsstillaren.

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.
Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.
Innstillinga punkt 4 fekk 7 røyster (A, Sp, SV KrF) og fall.
Innstillinga punkt 5 fekk 3 røyster (KrF, SV, Sp) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Kollektivstrategi for Hordaland er eit godt grunnlag for prioriteringar og utvikling av kollektivtrafikken i fylket, for å nå vedtekne mål for kollektivtransporten.
2. Fylkestinget vedtek "Kollektivstrategi for Hordaland", datert mai 2014.
3. Kollektivstrategien skal følgjast opp gjennom eit fireårig handlingsprogram for fylkeskommunen si kollektivsatsing, og skal leggast fram til politisk handsaming.

Handlingsprogrammet vil vise korleis fylkeskommunen vil gjennomføre strategiane, med å peike på hovudinnsatsområder og større oppgåver som vil bli prioriterte i kommande periode.

Handlingsprogrammet skal koordinerast mot fylket sin budsjett og økonomiplan, plan- og byggeprogrammet for Bergensprogrammet og det øvrige fylkesvegnettet samt bruk av statlege finansieringsordningar.

PS 112/14 Møteplan 2015 for fylkeskommunale organ

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2015 for fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2015 for fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

PS 113/14 Namn på tunellar på Fv 7 i Granvin herad

Forslag til innstilling:

1. Tunellen på Fv 7 ved Haukanesberget får namnet «Folkedalstunellen»
2. Tunellen på Fv 7 ved Lussandberget får namnet «Bjørgatunellen»

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Tunellen på Fv 7 ved Haukanesberget får namnet «Folkedalstunellen»
2. Tunellen på Fv 7 ved Lussandberget får namnet «Bjørgatunellen»

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Tunellen på Fv 7 ved Haukanesberget får namnet "Folkedalstunellen".
2. Tunellen på Fv 7 ved Lussandberget får namnet "Bjørgatunellen".

PS 114/14 Finansrapport 1. tertial 2014

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2014 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2014 til orientering.

PS 115/14 Fordeling av fylkeskommunalt investeringstilskot 2014

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet i Hordaland fordeler løyvinga på kr 4 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2014 slik:

Bergen kommune	Helleren bad- og symjeanlegg	kr	2 000 000
Bergen kommune	Bergen Tennisklubb	kr	1 500 000
Fjell kommune	Sartor Skytehall	kr	-
Stord kommune	Stord Hestesportsenter	kr	-
Voss kommune	Voss Ski- og tursenter	kr	500 000

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet i Hordaland fordeler løyvinga på kr 4 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2014 slik:

Bergen kommune	Helleren bad- og symjeanlegg	kr	2 000 000
Bergen kommune	Bergen Tennisklubb	kr	1 500 000
Fjell kommune	Sartor Skytehall	kr	-
Stord kommune	Stord Hestesportsenter	kr	-
Voss kommune	Voss Ski- og tursenter	kr	500 000

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

I saksførelegget til denne saka la fylkesrådmannen opp til at Bergen Tennisarena skulle få tildelt investeringstilskot på 1,5 mill. kr. Ved ein inkurie vart det skrive feil namn i innstillinga (Bergen Tennisklubb). I møteboka frå fylkesutvalet er riktig namn på stønadsmottakar – Bergen Tennisarena – lagt inn i vedtaket.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet i Hordaland fordeler løyvinga på kr 4 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2014 slik:

Bergen kommune	Helleren bad- og symjeanlegg	kr	2 000 000
Bergen kommune	Bergen Tennisarena	kr	1 500 000
Fjell kommune	Sartor Skytehall	kr	-
Stord kommune	Stord Hestesportsenter	kr	-
Voss kommune	Voss Ski- og tursenter	kr	500 000

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot.

PS 116/14 Søknad frå Taxi 1 AS om ruteløyve for flybussruter i Bergen

Forslag til innstilling

- 1 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Åsane terminal – Stemmemyren – Fløyfjellstunnelen – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-7.
- 2 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Haukeland universitetssjukehus – Nesttun - Bergen busstasjon, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-7.
- 3 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Bergen sentrum – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-7.
- 4 Det er eit vilkår for løyvet at ein nyttar bussar med turvognløyve i den regulære trafikken.
- 5 Løyva gjeld berre for transport av passasjerar til/frå Bergen lufthamn.
- 6 Det er eit vilkår at nykjøpt vognmateriell skal ha Euro 5-motor eller motor med lågare utslepp.
- 7 På grunn av trafikksituasjonen og kapasiteten på haldeplassen vil Taxi 1 AS ikkje kunne nytte haldeplass G i Olav Kyrres gate.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, FRP, H fram forslag til ny innstilling der pkt 7 vert teke vekk og pkt 6 vert endra.

Vognmateriellet skal tilfredsstillast Euro VI-utsleppskrav.

Røysting

Alf Helge Greaker sitt forslag om å ta vekk pkt 7 i innstillinga vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forslag om å endra pkt 6 vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Innstilling

- 1 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Åsane terminal – Stemmemyren – Fløyfjellstunnelen – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
- 2 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Haukeland universitetssjukehus – Nesttun - Bergen busstasjon, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
- 3 Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Bergen sentrum – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
- 4 Det er eit vilkår for løyvet at ein nyttar bussar med turvognløyve i den regulære trafikken.
- 5 Løyva gjeld berre for transport av passasjerar til/frå Bergen lufthamn.
- 6 Vognmateriellet skal tilfredsstillast Euro VI-utsleppskrav.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Alternativt punkt 6:

Det er eit vilkår at nykjøpt vognmateriell skal ha Euro VI-motor."

Røysting

Innstillinga fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga med Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Åsane terminal – Stemmemyren – Fløyfjellstunnelen – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Haukeland universitetssjukehus – Nesttun - Bergen busstasjon, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
3. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Taxi 1 AS om løyve for flybussrute på strekninga Bergen sentrum – Bergen lufthamn, på dei vilkåra som går fram av vedtakspunkt 4-6.
4. Det er eit vilkår for løyvet at ein nyttar bussar med turvognløyve i den regulære trafikken.
5. Løyva gjeld berre for transport av passasjerar til/frå Bergen lufthamn.
6. Det er eit vilkår at nykjøpt vognmateriell skal ha Euro VI-motor.

PS 117/14 Justering av tilbodsstrukturen 2014/15 etter prognoseinntaket

Forslag til innstilling

1. Ved Etne vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	DH	Vg1	DHDHV1	Design og handverk

2. Ved Kvinnherad vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	RM	Vg2	RMKOS2	Kokk og servitørfag
-12	RM	Vg1	RMRMF1	Restaurant og matfag

3. Ved Odda vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	TP	Vg2	DHSME3	Smed
-12	BA	Vg1	BABAT1	Bygg- og anl.teknikk
-12	TP	Vg2	TPKJT2	Køyrety

4. Ved Norheimsund vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	HS	Vg2	HSBUA2	Barne og ungdomsarb.fag
-12	BA	Vg1	BABAT1	Bygg- og anl.teknikk
-12	TP	Vg2	TPKJT2	Køyrety

5. Ved Hjeltnes vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	NA	Vg1	NANAB1	Naturbruk

6. Ved Voss vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
--------	-----------	-------	------	------

-12	TP	Vg2	TPKJT2	Køyrety
-----	----	-----	--------	---------

7. Ved Fusa vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	NA	Vg1	NANAB1	Naturbruk

8. Ved Austevoll vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	EL	Vg1	ELELE1	Elektrofag

9. Ved Slåtthaug vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	DH	Vg2	DHDTE2	Design og tekstil

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 06.05.2014

Det var 5 representantar til stades.

Tom Knudsen/Roger Pilskog sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

1. Yrkesopplæringsnemnda viser til at det gjentatt er bedt om at arbeidslivets behov for rett kompetanse, skal være en del av beslutningsgrunnlaget i dimensjonering. Nemnda beklager at saken ikke er tilstrekkelig opplyst til å kunne fatte en beslutning. Nemnda forstår at det ikke startes klasser med få søkere, men mener at tilbud som gir sikker læreplass ikke fjernes som tilbud.
2. Yrkesopplæringsnemnda vil igjen beklage at det ikke blir etablert TAF automasjon/el.elektro ved Knarvik vgs og viser til vedtak i nemnda 03.12.2013 og 04.02.2014, forut for møte med fylkesordføreren i mars 2014. Yrkesopplæringsnemnda konstaterer at næringslivets uttrykte behov ikke dekkes, samt at det er direkte feil når det står i saken at det ikke er dokumentert læreplasser.

Protokollmerknad frå Dan Femoen (H)

Stemmeforklaring. Jeg ser ikke at det har kommet inn ny informasjon siden klassesaken ble vedtatt i Fylkesutvalet den 3.desember 2013, som nå tilsier at at elevtallet på TAF-elektro bør økes.

Røysting

Knudsen/Pilskog sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (H).

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

1. Yrkesopplæringsnemnda viser til at det gjentatt er bedt om at arbeidslivets behov for rett kompetanse, skal være en del av beslutningsgrunnlaget i dimensjonering. Nemnda beklager at saken ikke er tilstrekkelig opplyst til å kunne fatte en beslutning. Nemnda forstår at det ikke startes klasser med få søkere, men mener at tilbud som gir sikker læreplass ikke fjernes som tilbud.
2. Yrkesopplæringsnemnda vil igjen beklage at det ikke blir etablert TAF automasjon/el.elektro ved Knarvik vgs og viser til vedtak i nemnda 03.12.2013 og 04.02.2014, forut for møte med fylkesordføreren i mars 2014. Yrkesopplæringsnemnda konstaterer at næringslivets uttrykte behov ikke dekkes, samt at det er direkte feil når det står i saken at det ikke er dokumentert læreplasser.

Protokollmerknad frå Dan Femoen (H)

Stemmeforklaring. Jeg ser ikke at det har kommet inn ny informasjon siden klassesaken ble vedtatt i Fylkesutvalet den 3.desember 2013, som nå tilsier at at elevtallet på TAF-elektro bør økes.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 13.05.2014

Aslaug Hellesøy sette fram følgjande forslag:

«RM Vg1 og Vg2 vert oppretthalde ved Kvinnherad vidaregåande skule av omsyn til pågåande prosjekt for auka rekruttering og samarbeid med næringslivet.»

Toralv Mikkelsen sette fram følgjande forslag på vegner av AP/SP:

1. Køyretøy Vg2 opprettholdes ved Odda vgs.
2. Bygg- og anleggsteknikk opprettholdes ved Norheimsund vgs.»

Gunn Mari Moberg sette fram følgjande forslag på vegner av H/V/FRP:

«Vg2 Køyretøy v/Odda vidaregåande skule vert opprettholdt. Man tar forbehold om at det blir 8 elever. Forslaget begrunnes med at det i denne saken er viktig å opprettholde tilbud om kjøretøy i regionen og at det kan forebygge frafall for elevgruppen.»

Røysting

Hellesøy sitt forslag fekk 1 røyst (KRF) og fall.

Mikkelsen sitt forslag fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.

Moberg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med endringane i Moberg sitt forslag.

Forslag til innstilling

10. Ved Etne vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	DH	Vg1	DHDHV1	Design og handverk

11. Ved Kvinnherad vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	RM	Vg2	RMKOS2	Kokk og servitørfag
-12	RM	Vg1	RMRMF1	Restaurant og matfag

12. Ved Odda vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	TP	Vg2	DHSME3	Smed
-12	BA	Vg1	BABAT1	Bygg og anl.teknikk

13. Ved Norheimsund vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	HS	Vg2	HSBUA2	Barne og ungd.arb.fag
-12	BA	Vg1	BABAT1	Bygg- og anl.teknikk
-12	TP	Vg2	TPKJT2	Køyrety

14. Ved Hjeltnes vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	NA	Vg1	NANAB1	Naturbruk

15. Ved Voss vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	TP	Vg2	TPKJT2	Køyrety

16. Ved Fusa vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	NA	Vg1	NANAB1	Naturbruk

17. Ved Austevoll vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	EL	Vg1	ELELE1	Elektrofag

18. Ved Slåtthaug vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
--------	-----------	-------	------	------

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Torill Selsvold Nyborg sette på vegner av KrF, Sp og SV fram slikt forslag:

"RM Vg1 og Vg2 vert oppretthalde ved Kvinnherad vidaregåande skule av omsyn til pågåande prosjekt for auka rekruttering og samarbeid med næringslivet."

Toralv Mikkelsen sette på vegner av A og Sp fram slikt forslag:

- a) "Køyretøy Vg 2 ved Odda vgs vert oppretthalde (ikkje lagt ned).
- b) Garnes vg skule – 2 parallellar på St vg1."

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Endringsframlegg:

Køyretøy Vg2 vert oppretthalde på Norheimsund vgs og lagt ned ved Odda vgs."

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.
 Innstillinga punkt 2 vart vedteken med 8 røyster mot 7 røyster (KrF, A, Sp, SV) for Nyborg sitt forslag.
 Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.
 Innstillinga punkt 4 (Barne og ungd.arb.fag og Bygg og anl.teknikk) vart samrøystes vedteken.
 Søviknes sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (KrF, A, Sp, SV).
 Innstillinga punkt 5 vart samrøystes vedteken.
 Innstillinga punkt 6 vart samrøystes vedteken.
 Innstillinga punkt 7 vart samrøystes vedteken.
 Innstillinga punkt 8 vart samrøystes vedteken.
 Innstillinga punkt 9 vart samrøystes vedteken.
 Mikkelsen sitt forslag fekk 7 røyster (KrF, A, Sp, SV) og fall.

Vedtak

1. Ved Etne vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagt ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
- 15	DH	Vg1	DHDHV1	Design og handverk

2. Ved Kvinnherad vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagt ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	RM	Vg2	RMKOS2	Kokk og servitørfag
-12	RM	Vg1	RMRMF1	Restaurant og matfag

3. Ved Odda vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagt ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	TP	Vg2	DHSME3	Smed
-12	BA	Vg1	BABAT1	Bygg og anl.teknikk
-12	TP	Vg2	TPKJT2	Køyrety

4. Ved Norheimsund vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagt ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	HS	Vg2	HSBUA2	Barne og ungd.arb.fag
-12	BA	Vg1	BABAT1	Bygg- og anl.teknikk

5. Ved Hjeltnes vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagt ned:

Elevvar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	NA	Vg1	NANAB1	Naturbruk

6. Ved Voss vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevvar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	TP	Vg2	TPKJT2	Køyrety

7. Ved Fusa vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevvar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	NA	Vg1	NANAB1	Naturbruk

8. Ved Austevoll vidaregåande skule vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevvar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	EL	Vg1	ELELE1	Elektrofag

9. Ved Slåtthaug videregående skole vert følgjande tilbod lagd ned:

Elevvar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	DH	Vg2	DHDTE2	Design og tekstil

PS 118/14 Oppstart av Fv 7 Lussandberget - rassikringsprosjekt

Forslag til innstilling:

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av Fv 7 Lussandberget i 2014 i samsvar med Statens vegvesen si kostnadsramme på 295 mill kr inklusive meirverdiavgift (240 mill kr eksklusive mva).
2. Finansiering av trong for rassikringsmidlar ut over tildelt ramme frå Staten vert å komma attende til.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av Fv 7 Lussandberget i 2014 i samsvar med Statens vegvesen si kostnadsramme på 295 mill kr inklusive meirverdiavgift (240 mill kr eksklusive mva).
2. Finansiering av trong for rassikringsmidlar ut over tildelt ramme frå Staten vert å komma attende til.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av Fv 7 Lussandberget i 2014 i samsvar med Statens vegvesen si kostnadsramme på 295 mill. kr inklusive meirverdiavgift (240 mill. kr eksklusive mva.).
2. Finansiering av trong for rassikringsmidlar ut over tildelt ramme frå Staten vert å komma attende til.

PS 119/14 Areal til bussanlegg i Sunnhordland - kjøp av eigedomar

Forslag til innstilling

- 1 Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 27 bnr. 811 i Stord kommune for kr. 24.621.072, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr. 25.300.000.
- 2 Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 89 bnr. 122 og 127 i Bømlo kommune for kr. 5.550.000, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr. 5.750.000.
- 3 Budsjettet for 2014 vert endra som følgjer:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 30027000	02810	00010	Bussanlegg - Øvre Sæ - Stord	25 300 000	
10 79010000	09100	09977	Auka låneopptak		25 300 000
				25 300 000	25 300 000

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 27 bnr. 811 i Stord kommune for kr. 24.621.072, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr. 25.300.000.
2. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 89 bnr. 122 og 127 i Bømlo kommune for kr. 5.550.000, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr. 5.750.000.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 27 bnr. 811 i Stord kommune for kr 24.621.072, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr 25.300.000.
2. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 89 bnr. 122 og 127 i Bømlo kommune for kr 5.550.000, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr 5.750.000.
3. Budsjettet for 2014 vert endra som følgjer:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 30027000	02810	00010	Bussanlegg - Øvre Sæ - Stord	25 300 000	
10 79010000	09100	09977	Auka låneopptak		25 300 000
				25 300 000	25 300 000

PS 120/14 Endring i sonestruktur

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek modell 2a som ny sonestruktur i Hordaland.
2. Ny sonestruktur vert innført frå 01.02.2015

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Stein Inge Ryssdal sette på vegne av H, V, FRP fram forslag til vedtak.

Samferdselsutvalget ber om at fylkesrådmannen utarbeidar ein økonomisk analyse som viser inntektsbortfallet ved innføring av 1 sone for heile Hordaland og at denne blir lagt fram til Fylkesutvalet si handsaing av saka.

Røysting

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til vedtak vart vedteke mot 1 røyst (A)

Vedtak

Samferdselsutvalget ber om at fylkesrådmannen utarbeidar ein økonomisk analyse som viser inntektsbortfallet ved innføring av 1 sone for heile Hordaland og at denne blir lagt fram til Fylkesutvalet si handsaing av saka

Pål Kårbø sette fram forslag til nytt pkt.

Fylkestinget ynskjer ein liknande gjennomgong av sonestruktur for båtrutene.

Anne-Line Innvær sette på vegne av A, SV, SP, KRF fram forslag til nytt pkt.

Fylkestinget meiner at eins takst i Bergen også må gjelda toget på strekninga Arna-Bergen.

Tom Skauge sette fram oversendingsforslag.

SV ber om at taksten ikkje vert auka ved endring av sonestrukturen.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Pål Kårbø sitt forslag til nytt pkt vart samrøystes vedteke.

Anne Line Innvær sitt forslag til nytt pkt vart vedteke mot 7 røyster (H, FRP).

Tom Skauge sitt oversendingsforslag fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek modell 2a som ny sonestruktur i Hordaland.
2. Ny sonestruktur vert innført frå 01.02.2015
3. Fylkestinget ynskjer ein liknande gjennomgong av sonestruktur for båtrutene.
4. Fylkestinget meiner at eins takst i Bergen også må gjelda toget på strekninga Arna-Bergen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Direktør for Skyss, Oddmund Sylta, orienterte om konsekvensar av innføring av ei takstsone i Hordaland.

Mona Hellesnes sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett til ekstra møte 11. juni 2014."

Til møtet i juni bør saksframstillinga m.a. innehalde

- Notatet som direktør Sylta presenterte på møtet i fylkesutvalet 20. mai 2014.
- Verknader av auka minstetakst på passasjeretaket, både i høve til alt. 2 a og ei sone.

Røysting

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til ekstra møte 11. juni 2014.

PS 121/14 Klimaplan for Hordaland 2014-2030. Forslag

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar Klimaplan for Hordaland 2014-2030 med følgjande
 - Visjon: Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet
 - Mål for klimagassutslepp: Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.
 - Mål for energi: Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Dette vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter 1,3 % årleg reduksjon fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.Mål for tilpassing til klimaendringar: Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.
2. Fylkestinget vedtar tematiske mål, strategiar og retningslinjer slik det går fram av klimaplanen.
3. Fylkestinget inviterer kommunane, statlege styresmakter og etatar, næringslivet og frivillige organisasjonar til samarbeid og oppmodar dei om å aktivt medverke på sine område.
4. Fylkestinget vil kome attende til budsjettmessige behov til handlingsprogrammet i den årlege budsjetthandsaminga.
5. Fylkestinget vedtek at klimaplanen skal leggast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Pkt 5 Endrast til:

Fylkestinget vedtek at klimaplanens mål og strategiar skal overordnast andre regionale planar og målsettingar i Hordaland.»

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget vedtek at 20% av parkeringsplassar skal være tilpassa EI-bilar innan 2020»

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget ber om at arbeidet med potensiell vindkraft trekkes sterkare inn i klimaplanen 2014 – 2020»

Anne Beth Nærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 6

Kollektivsektoren skal vere utslippsfri frå 2025»

Marianne Bjørøy (A) sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 6 i innstillinga til vedtak:
Fylkestinget ber om årleg rapportering på måloppnåelse på de enkelte tiltak»
Nytt pkt. 12 under strategi 6.3
Utrede muligheten for å utarbeide en felles profil på gjenvinning og kildesortering»

Kristian Hjelland (KrF) sette fram slik protokollmerknad:

«KrF sluttar seg til innstillinga frå fylkesrådmannen og viser elles til handsaminga i Fylkestinget.»

Det var 12 representantar til stades då Anita Garlid Johannessen (Frp) ikkje var til stades under behandlinga av saka. KrF stemde blankt med grunngjeving i eigen protokollmerknad.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 – 5 vart samrøystes vedteke.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall.

Golis sitt forslag «20% av parkeringsplassar skal være tilpassa EI-bilar innan 2020» fekk 2 røyster (MDG) og fall.

Golis sitt forslag «arbeidet med potensiell vindkraft trekkes sterkare inn i klimaplanen 2014 – 2020» vart vedteke med 8 røyster (Frp, V, H, MDG) .

Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bjørøy sitt forslag til nytt pkt 6 fekk 5 røyster (Ap og MDG) og fall.

Bjørøy sitt forslag til nytt pkt 12 under strategi vart vedteke med 7 røyster (A, V, MDG - med utvalsleiar si røyst)

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar Klimaplan for Hordaland 2014-2030 med følgjande
Visjon: Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet
Mål for klimagassutslepp: Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.
Mål for energi: Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Dette vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter 1,3 % årleg reduksjon fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.
Mål for tilpassing til klimaendringar: Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.
2. Fylkestinget vedtar tematiske mål, strategiar og retningslinjer slik det går fram av klimaplanen.
3. Fylkestinget inviterer kommunane, statlege styresmakter og etatar, næringslivet og frivillige organisasjonar til samarbeid og oppmodar dei om å aktivt medverke på sine område.
4. Fylkestinget vil kome attende til budsjettmessige behov til handlingsprogrammet i den årlege budsjetthandsaminga.
5. Fylkestinget vedtek at klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.
6. Kollektivsektoren skal vere utslippsfri frå 2025
7. Fylkestinget vedtar at arbeidet med potensiell vindkraft vert trekt sterkare inn i klimaplanen 2014 – 2020.

Nytt pkt. 12 under strategi 6.3 – tekstdelen:

Utgreie mogleighetene for å utarbeide ein felles profil på gjenvinning og kildesortering.

Protokollmerknad frå KrF:

KrF sluttar seg til innstillinga frå fylkesrådmannen og viser elles til handsaminga i Fylkestinget.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 13.05.2014

Rosalind Fosse sette fram følgjande forslag:

«Følgende tekst utgår:

5.2.4, side 45:

Andre tiltak er kjøprising eller tidsdifferensierte bomsatser og restriksjoner på parkering.

Side 48: Strategi C: Avgrense biltrafikk.

Innføring av differensierte bompenger i Bergen i høve - Rushtid».

Grete Line Simonsen sette fram følgjande forslag:

«Tillegg, kap. 5, strategi D (side 48) – **Nytt punkt 27:** Innan 2025 skal kollektivsektoren gjerast klimanøytral».

Anette Netteland Dybvik sette fram følgjande oversendingsforslag:

«OPHE ønsker at det undersøkes om planretningslinjene i kap. 5.3 vil skape et ekstra forvaltningsnivå som kan komme i konflikt med det statlige regelverket som Fylkesmannen allerede forvalter idag».

Røysting

Fosse sitt forslag fekk 5 røyster (H/FRP) og fall.

Simonsen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster (V/SP/KRF/H).

Dybvik sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversend fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Simonsen sitt forslag til nytt pkt.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar Klimaplan for Hordaland 2014-2030 med følgjande
 - Visjon: Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet
 - Mål for klimagassutslepp: Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.
 - Mål for energi: Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Dette vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter 1,3 % årleg reduksjon fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

Mål for tilpassing til klimaendringar: Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.

2. Fylkestinget vedtar tematiske mål, strategiar og retningslinjer slik det går fram av klimaplanen.
3. Fylkestinget inviterer kommunane, statlege styresmakter og etatar, næringslivet og frivillige organisasjonar til samarbeid og oppmodar dei om å aktivt medverke på sine område.
4. Fylkestinget vil kome attende til budsjettmessige behov til handlingsprogrammet i den årlege budsjetthandsaminga.
5. Fylkestinget vedtek at klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014

Atle Kvåle sette fram forslag til nytt pkt 6.

Fylkestinget ber om årleg rapportering på måloppnåing.

Alf Helge Greaker sette fram forslag om tillegg til innstillinga

Kapittel 5, strategi D, nytt punkt: "Kollektivsektoren skal vera klimanøytral innan 2025."

Kapittel 5, strategi C, endra pkt 14: «Stimulere til bildeling, mellom anna gjennom tilrettelegging på parkeringsareal.»

Alf Helge Greaker sette fram oversendingforslag

Samferdselsutvalet vil ved neste rullering av drosjemeldinga, nytte denne og tidlegare meldingar som grunnlag for nokre strategiske vedtak innanfor drosje- og løyvepolitikk.

Tom Skauge sette fram tilleggsforslag til innstillinga i 8 pkt

- 1 Fylkestinget ønskjer en klimaplan som tar utgangspunkt i visjonen om et

- karbonnøytralt samfunn.
- 2 Fylkestinget slutter seg til strukturen i klimaplanen med de 5 hovudtema energi, bygningar, arealbruk og transport, næring og teknologi og tilpassing til klimaendringar.
 - 3 Hovudmål energi: Ifølge det Internasjonale Energibyrådet vil over 50 % av de nødvendige klimakuttene måtte komme gjennom meir effektiv energibruk. Fylkestinget ber derfor om at ambisjonsnivået på feltet vert auka.
 - 4 Energi: Fylkestinget ønskjer et betydelig løft for ENØK-satsinga i hele fylket som hovudstrategi innanfor energiområdet.
 - 5 Bygningar: Fylkestinget ønskjer at det vert stilt krav om passivhusstandard i alle nybygg i fylket, og at det vert satsa på ENØK og utfasing av oppvarming ved hjelp av olje og gass i eksisterande bygg.
 - 6 Areal og transport: For å kunne redusere klimagassutslepp, må arbeidspendlinga i fylket verte mindre. Dette må innebere et nei til ferjefri E39, nei til økt bilvegkapasitet på Sotrasambandet og nei til ny rullebane på Flesland. Det må samtidig innebere et ja til kø- og utslippsfri kollektivtransport (kollektivfelt, bybane og trolleybuss, ja til et godt utbygd og samanhengande sykkelvegnett og ja til utbetring av tog strekninga Bergen-Voss. Fylkestinget vil understreke behovet for å innføre restriksjonar på biltrafikken gjennom kø prising, restriktiv parkeringspolitikk og inndraging av vegkapasitet til fordel for andre trafikantgrupper. Fylkestinget ønskjer ein plan for å motverke nedbygging av jordbruksareal i fylket.
 - 7 Næring og teknologi: Fylkestinget meiner Hordaland må gå fremst i arbeidet med å førebu ny teknologi for et samfunn som er karbonnøytralt. Ettersom satsinga på CO₂-fangst på gasskraftverket på Mongstad nå er avvirket, må også utsleppsløyvet for CO₂ bli avvika. Dette er eit av dei mest effektive klimatiltaka i Hordaland.
 - 8 Tilpassing til klimaendringar: Hyppigare og kraftigare nedbør vil føre til meir flom og fleire ras i Hordaland. Rassikring bør derfor ha høy prioriteten i fordeling av vegmidlar i fylket. Føre-var-prinsippet må ligge til grunn for lokalisering av veg og boligfelt.

Tom Skauge sette fram forslag til nytt pkt.

Kollektivtransporten skal ha som mål å vera utsleppsfri innan 2020.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Atle Kvåle sitt forslag til nytt pkt 6 vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Alf Helge Greaker sitt forslag til strategi C fekk 5 røyster (V, SV, SP, KRF, H (1)) og fall.

Alf Helge Greaker sitt forslag til strategi D vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt oversendingsforslag fekk 1 røyst og fall.

Tom Skauge sitt forslag om tilleggspkt til innstillinga fekk 1 røyst og fall

Tom Skauge sitt forslag om nytt pkt fekk 2 røyster (SV, KRF) og fall.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar Klimaplan for Hordaland 2014-2030 med følgjande
 - Visjon: Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet
 - Mål for klimagassutslepp: Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.
 - Mål for energi: Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Dette vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter 1,3 % årleg reduksjon fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.Mål for tilpassing til klimaendringar: Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.
2. Fylkestinget vedtar tematiske mål, strategiar og retningslinjer slik det går fram av klimaplanen.

3. Fylkestinget inviterer kommunane, statlege styresmakter og etatar, næringslivet og frivillige organisasjonar til samarbeid og oppmodar dei om å aktivt medverke på sine område.
4. Fylkestinget vil kome attende til budsjettmessige behov til handlingsprogrammet i den årlege budsjetthandsaminga.
5. Fylkestinget vedtek at klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.
6. Fylkestinget ber om årleg rapportering på måloppnåing.
7. Kapittel 5, strategi C, endra pkt 14: «Stimulere til bildeling, mellom anna gjennom tilrettelegging på parkeringsareal.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

"Følgende tekst utgår:

5.2.4, side 45:

Andre tiltak er køprising eller tidsdifferensierte bomsatser og restriksjoner på parkering.

Side 48: Strategi C: Avgrense biltrafikk.

Innføring av differensierte bompenger i Bergen i høve - Rushtid".

Marte Malones sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 8:

Fylkestinget ber om årleg rapportering på måloppnåing på dei enkelte tiltaka."

Mona Hellesnes sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Nytt punkt 6, alternativ til innstillinga:

Innan 2025 skal kollektivsektoren så langt som råd nytte framdriftsteknologi som er basert på fornybar energi."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet til grunn for røystinga.

Strømme sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp) og fall.

Innstillinga punkt 1-5 vart samrøystes vedteken.

Hellesnes sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) for innstillinga punkt 6.

Innstillinga punkt 7 vart vedteken mot 1 røyst (Frp).

Malones sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga, siste avsnitt, vart samrøystes vedteken.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtar "Klimaplan for Hordaland 2014-2030" med følgjande

- Visjon:
Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet.
- Mål for klimagassutslepp:
Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.
- Mål for energi:
Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Dette vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter 1,3 % årleg reduksjon fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare

energikjelder utan tap av naturmangfald.

- Mål for tilpassing til klimaendringar:
Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.
2. Fylkestinget vedtar tematiske mål, strategiar og retningslinjer slik det går fram av klimaplanen.
 3. Fylkestinget inviterer kommunane, statlege styresmakter og etatar, næringslivet og frivillige organisasjonar til samarbeid og oppmodar dei om å aktivt medverke på sine område.
 4. Fylkestinget vil kome attende til budsjettmessige behov til handlingsprogrammet i den årlege budsjetthandsaminga.
 5. Fylkestinget vedtek at klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.
 6. Innan 2025 skal kollektivsektoren så langt som råd nytte framdriftsteknologi som er basert på fornybar energi.
 7. Fylkestinget vedtar at arbeidet med potensiell vindkraft vert trekt sterkare inn i klimaplanen 2014-2020.
 8. Fylkestinget ber om årleg rapportering på måloppnåing på dei enkelte tiltaka.

Nytt pkt. 12 under strategi 6.3 – tekstdelen:

Utgjeie moglegheitene for å utarbeide ein felles profil på gjenvinning og kildesortering.

PS 122/14 Tour des Fjords - søknad om tilskot til planlegging og gjennomføring

[Tour des Fjords](#) søker i brev datert 13.12.2013 om kr 500.000 i tilskot til gjennomføring og planlegging av arrangementet 28. mai – 1. juni 2014. Totalbudsjettet er på kr 15.8 mill. Tour des Fjords AS er eigd av Stavanger Sykle Klubb (50%) og Nordsjørittet (50%).

Sykelrittet vart arrangert første gong i 2013 i Rogaland. Tour des Fjords er ei vidareføring og utviding av Rogaland Grand Prix, som vart arrangert frå 2008. Tour des Fjords legg opp til arrangement for barn og andre kulturaktivitetar knytt til løypa for å tilretteleggje for ein brei folkefest. Gjennom medieavtalar vil folkefesten få sendetid i TV2 hovudkanal/ sportskanal og Eurosport 2 kvar dag under arrangementet. I 2013 var det internasjonale TV sendingar i 9 timar til 47 land.

Slik er etappane fordelt i 2014;

1. etappe 28. Mai Bergen - Ulvik, 161 km
2. etappe 29. Mai Eidfjord - Haugesund, 203,2 km
3. etappe 30. Mai Hjelmeland - Forsand, 163 km
4. etappe 31. Mai Forus (Stavanger) – Stavanger sentrum, 176,6 km
5. etappe 1. Juni Risavika - Stavanger, 171,2 km

Arrangementet vert sett i samanheng med søknaden om sykkel VM i 2017. Samarbeidet vil vere verdifullt både i høve til marknadsføring og kompetanseutvikling. Bergen kommune løyver kr 500.000 til Tour des Fjords 2014, og legg mellom anna til grunn at det lokale sykkelmiljøet må få eit eigarforhold til arrangementet.

Lokal og regional forankring i organisasjonslivet er også viktig i Hardanger for å kunne utvikle arrangementskompetanse, idretten og reiselivet. Ulvik herad støttar arrangementet med kr 500.000 og Eidfjord kommune med kr 100.000. I tillegg er det søkt støtte frå Eidfjord utvikling. I gjeldande fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008-2012) er det eit mål å arbeide for at større nasjonale og internasjonale arrangement vert lagt til regionen.

Fylkesrådmannen finn det naturleg at fylkeskommunen støyr tiltaket, men er usikker på kor stor sum fylkeskommunen bør løyve. Eg ber fylkesutvalet vurdere saka. Om fylkesutvalet støyr dette bør løyvinga dekkast frå tilleggsløyvingskontoen.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune løyver kr til gjennomføring av Tour des Fjords 2014.
Budsjettet vert endra slik;
Konto 10.400.420.02.14700 Tilskot til idrettsprosjekt aukar med kr
Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014

Anita B. Johannessen (Frp) sette fram slikt forslag:

«Kultur- og ressursutvalet oppfordrar fylkesutvalet til å imltekome søknaden frå Tour de Fjords AS»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (Tomren - MDG)
Johannesen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (Tomren - MDG)

Innstilling

- 1 Hordaland fylkeskommune løyver kr til gjennomføring av Tour des Fjords 2014.
Budsjettet vert endra slik;
Konto 10.400.420.02.14700 Tilskot til idrettsprosjekt aukar med kr
Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr
- 2 Kultur- og ressursutvalet oppfordrar fylkesutvalet til å imøtekome søknaden frå Tour de Fjords AS

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Mona Hellesnes sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune løyver kr 250.000 til gjennomføring av Tour des Fjords 2014.

Budsjettet vert endra slik:
Konto 10.400.420.02.14700 Tilskot til idrettsprosjekt aukar med kr 250.000.
Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 250.000."

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune løyver kr 250.000 til gjennomføring av Tour des Fjords 2014.

Budsjettet vert endra slik:
Konto 10.400.420.02.14700 Tilskot til idrettsprosjekt aukar med kr 250.000.
Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 250.000."

PS 123/14 Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport 2013

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

Fylkestinget godkjenner årsrapporten frå Regionalt forskingsfond Vestlandet for 2013

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner årsrapporten frå Regionalt forskingsfond Vestlandet for 2013.

PS 124/14 Endringer i delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. C. Delegasjon etter særlov pkt. 41 Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr 72

§ 5-4 skal lyda:

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/samferdselsutvalet, å fremja motsegn til forslag til kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.

§ 12-10 skal lyda:

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/samferdselsutvalet, å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen er tiltakshavar.

Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å fremja motsegn til reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen ikkje er tiltakshavar.

2. D. Delegasjon på vegsektoren pkt. 1.4 skal lyda:

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å representere fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtaler om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

3. A. Reglement for sakshandsaming pkt. 19 skal lyda:

Kvar medlem av organet kan stilla spørsmål til møteleiaren også om saker som ikkje er nemnde i innkallinga, jfr. § 34 i kommunelova.

Spørsmål bør meldast skriftleg til møteleiaren seinast kl. 0900 to dagar før møtet i organet. Dersom spørsmålet er av særskilt omfattande karakter, kan det bli naudsynt å utsetje svaret til påfølgjande møte. I slike tilfelle skal organet orienterast om dette.

Møteleiaren kan be andre svare på spørsmålet.

Om spørsmål og interpellasjonar (grunngevevne spørsmål) til fylkestinget - sjå reglementet for fylkestinget.

4. A. Reglement for folkevalde organ nytt pkt. Reglement for Ungdommens fylkesting skal lyda:

REGLEMENT FOR UNGDOMMENS FYLKESTING

Ungdommens fylkesting skal som regionalpolitisk pådrivar og samordnar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for ungdom i Hordaland, og for Ungdommens fylkesting si eiga verksemd. Ungdommens fylkesting, og deira underorgan Ungdommens fylkesutval, skal gjera endeleg vedtak i enkeltsakar innanfor eigen organisasjon, og skal elles vera eit sjølvstendig og partipolitisk nøytralt rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem ungdom.

1. Samansetjing

Ungdommens fylkesting har 66 medlemmer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsråd i fylket. Dei kommunane som ikkje har ungdomsråd vel to representantar frå kommunen.

2. Oppgåver

a. Ungdommens fylkesting kan innan sitt arbeidsområde:

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gi fråsegn til regionale planar med verknad for ungdom
- Gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- Gi råd i alle saker som gjeld levekår for ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd

Ungdommens fylkesting kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

